



Valldal Idrettslag

Referat styremøte Valldal IL
Torsdag 23. januar 2020 kl 19.30
Klubbhuset – Omenås

Einar Hoel, Trond Håvoll, Silje Sandøy Grønning, Anne Nygård

1. vara til styret: Odd Lennart Vikene

Fotball v/ vara Liv Hanne Svensvik

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Andreas Håvoll

Disksport v/Richard Moen

Fråfall: Anders Rem, Anett Steines (fotball)

Sakliste -

1/20 Informasjon frå grupper og styret

- kort informasjon frå kvar gruppe
- kort informasjon frå hovudstyret

Fotball: I oppstartsfasen for ny sesong, fordelt laga, færre og færre som melder seg på. Dei må søkje om dispensasjon for samansette lag, og det er innvilga. Litt utfordrande å finne trenarar.

Friidrett: Ikkje så mykje aktivitet så dei heng seg på dei gruppene som passer for sesongen.

Ski og skiskyting: Midt i høgsesong og det går fint sjølv om det ikkje er topp snøforhold i lysløypa. Bra forhold på Høghjelle. Det er mange skirenn i kretsane. Det har ikkje vore avlysingar på grunn av lite snø, så det går bra.

Trim: Ribbemarsj den 30. desember med over 20 deltakarar. Utdeling av premie til de som hadde gått på fjelltrimmen.

Disksport: Trener innandørs. Kondisjonstrening gir fleire deltakarar, opp til 7-8 stykker. Et kurs som leiar skulle vere med på vart avlyst på grunn av sjukdom

Styret: Fakkelfstafetten arrangert 31. desember i forbindelse med markering av ny kommune.

Det er sendt brev til Fjord kommune med påpeking av at det ikkje var lagt inn budsjett for løypekøyning i gamle Norddal kommune, mens Stordal har fått 220.000.

Vi har fått tilbake over 80.000 i momskompensasjon.

Det vart kjøpt inn emit-brikker like før årsskiftet.



Valldal Idrettslag

Boka er kome. Har seld ein del, men stort lager . Det vart trykt opp 500 stk.

Minner om årsmøta for gruppene i perioden 9.-13. mars. Dagane vart fordelt på gruppene, og Einar legg det inn på heimesida. Startar klokka 19.30.

Det er kome nye malar for lover/reglar for idrettslag. Forslag til nye lover vert lagt fram på neste styremøte.

Diskusjon om å sette ned kontingenten for å få fleire medlemmer. Spørsmål om vi skal sette fram sak før årsmøtet, slik at det vert gjeldande for inneverande år. Da må vi vente til etter årsmøtet med å sende ut krav. Det vart vedtatt i fjor for inneverande år. Nå er det 450 for vaksne, 350 for barn og pensjonistar, 800 for familie. Vi har ca 280 medlemmer. Egen sats for studentar?

Det kjem forslag til neste møte etter å ha sett på sammensettinga av barn og vaksne.

-

2/20 Marknad

Det har tidlegare ikkje vore bestemt noko om marknad i 2020. Aktuell dato vil vere laurdag 18. april. Styret må ta avgjerd om marknad og utpeike ei arbeidsgruppe til planlegging og førebuing.

Huset er tinga laurdag 18. april. Meir pengar på dette per times innsats enn det er på Olsok. Anders Rem er villig til å vere med i arbeidsgruppe. Er nokon villig til å vere med? Mest arbeid med å sette opp arbeidslister. Liv Marit har listene frå i fjor. Silje kan vere med. Einar skal spørje Liv Marit.

3/20 Sommararrangement

Det er lite framdrift i arbeidet med sommararrangement.

- Mefjellet opp søndag 28. juni.

Sjef for arrangementet? Kan vi sette inn same komite som førre år?

Andreas er villig til å vere med viss han ikkje er på jobb, men han vil ikkje være leiar.

Magne Eivind tar sjefsrolla.

Einar hjelper til.

Kiosk: vi kan spørje nokon som var satt opp på skikafeen der det vart avlyst.

Spørje Solfrid Fjellstad på mat?

Vi må få inn sponsorane litt tidlegare.

- Olsok laurdag 25. juli

Det er litt tungt å dra i gang arrangementet, for det er mye arbeid. Forslag om mindre kostbar underhaldning og ikkje så stort utval på mat. Berre rømmegraut, pølser og vaflar. Konkurransen på sjøen?

Det vart vald ei gruppe på førre styremøte. Einar tar kontakt med dei.

4/20 System for lagring

Vi må få etablert eit system for lagring av dokument , møtereferat, protokollar, mv Idrettsforbundet har ei løysing, "Idrettens Office 365". Dette kan settast opp med bruk for hovudstyre og alle undergrupper. Pris er kr 6250 pr år. Løysinga er den mest aktuelle for oss.



Valldal Idrettslag

I tillegg bør SPOND brukast for kommunikasjon innanfor grupper, lag osv

Vedtak: Vi kjøper inn Idrettens Office 365. Anne får ansvar. Vi må ha opplæring på bruk av systemet.

5/20 Jubileumsgåve

Viser til diskusjon på siste styremøte. Vi må ta nokre avgjerder for å kome vidare. Det er særleg to områder som er aktuelle

- Utvikling av trenarar (ikkje "fagleg") men trenarrollen.
 - o Trenarforum for heile idrettslaget
 - o Fagleg påfyll
 - o "Gjere kvarandre gode"
- Idrettsskule 1. – 4. klasse

Styret må tenke gjennom dette og kome med forslag til korleis vi kan gjere dette.

Jan Ole Fuglem hadde ei framsyning frå konferansen som han hadde vore på i slutten av september. Det er ein del nye tankar om korleis treninga for barn og unge skal vere.

Samarbeid mellom gruppene til barnas beste. For eksempel må det ikkje vere trening på same dag og tidspunkt for ei aldersgruppe. Samarbeid for å få ulike dagar slik at fleire kan vere.

Det kom forslag om å ha eit samarbeidsforum for trenarane i alle grupper. Felles samling med til døme ein ekstern foredragsholdar. Det er viktig med lik tankegang, og det vil gi betre treningar. Det skal ver mykje leik og moro i treninga.

Forslag om trenarforum to gonger i året. Målet er **Flest mulig lengst mulig**. Vi lager eit opplegg nå fram mot våren og inviterer foredragsholdar og ein gjest frå ein annan klubb med orientering om korleis dei gjer det. To-timars opplegg. Felles tematikk og ikkje spesifisert for fotball eller ski. Invitere nokon frå kretsen som kurshaldar, eller nokon som kretsen kan anbefale.

Kva med ein kveld for foreldregruppene? Open forum. Idrettsforbundet har noko som heiter Betre klubb, men det går mykje på organisering.

Idrettsskule blir tatt opp på neste møte.